



Stig Solberg  
Vassbygdvegen 198  
5912 SEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/1075 - 18/34733

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
15.11.2018

## Svar på førespurnad om endra krav for utslepp frå minireinseanlegg - gbnr 182/8 Gausereide

Viser til dine e-postar sendt inn i saka, der du ber kommunen vurdere krava som vert satt til nytt utslepp for minireinseanlegg for eigedommen, der du skriv at du sjølv kan sjekke leidningar ut over dei 2 servicekontrollane som røyrleggar normalt har.

Vi viser til vårt brev datert 26.10.2018 og 01.11.2018 der det går fram av vedlagte uttale frå avdeling for vatn og avløp, som er dei som forvaltar drikkevatt i kommunen, at det vert sett krav om regelbunden service/kontroll av reinseanlegget minimum kvart tertial.

På bakgrunn av dine e-postar er krava vurdert på nytt. Konklusjonen er at krava som går fram av uttalen står ved lag, og vert gjort gjeldande ved eit nytt utslepp til Storavatnet.

Årsaka til at det vert sett desse krava, er at utsleppet går til det som er hovuddrikkevasskjelda i kommunen. Utslepp til ei drikkevasskjelde vert normalt ikkje godkjent. I den grad det skal gjevast løyve til utslepp, må det settast strenge krav til reinsing og kontroll av anlegget, slik at faren for forureining vert så liten som mogeleg. Lindås kommune som leverandør av drikkevatt har eit ansvar for at kvaliteten på vatnet er god, og at det ikkje vert fare for eller forureining i vatnet.

Vi viser til at dei same krava er satt i utsleppsløyvet til eigedommen på gbnr 181/7.

På bakgrunn av dei e-postane vi har fått frå deg, så forstår vi det slik at du ikkje ønskjer å gå vidare med søknaden med dei krava som er satt. Saka vert med dette avslutta.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Ip Prosjekter AS

Søndre Skogveien 5055  
22L

BERGEN

VOIDAG VVS AS

Søndre Skogveien 5055  
41D

BERGEN

**Mottakrar:**

Stig Solberg

Vassbygdvegen 5912  
198

SEIM